



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/464 - 18/9610

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
18.06.2018

## Fellingsløyve rev - Erstattar 18/9183

Erstattar svar på søknad om felling, 18/464-18/9183. Søknaden var hastebehandla i tråd med gjeldande regelverk og vedtaket ble mangelfult grunna tidspress.

### **Saksutgreiing**

Det er søkt om skadefelling av skadegjerande raudrev på beite på gnr/bnr 38/15. i Radøy kommune. Søkjar har mista lam den siste veka til rev. Flytting av sauene er ikkje mogleg da dette beite er einaste på denne størrelsen. Søknad om skadefelling skal sakhandsamast etter forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon (FOR-2005-03-18-242). Skadefellingsforskriften skal ikkje praktiserast slik at den uthuler lovens fredningsprinsipp og all jakt skal skje sikkerhetsmessig og humant.

Forskrifta legg til grunn at eigar, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve vert handsama. Det er likevel opna for å sjå vekk i frå kravet der slike tiltak ikkje er mogleg. Søkar har tilsyn med sauane sine og observert rev på beite vert jaga vekk. Det vert og jakta rev i jakttida. Reven er mest aktiv nattetid og det er ikkje mogleg å halde auge med sauane døgnet rundt. Det er lite ledig beiteareal i området og landbrukskontoret forutset at bonden hadde flytt sauane om mogleg. Landbrukskontoret vurderar tiltaka for å redusera skaden som tilstrekkelig.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Raudreven har ein livskraftig bestand i kommunen og har eit stort potensiale for reproduksjon. Løyve til skadefelling i tilknytning til beite vil ikkje ha bestandsregulerande virkning. Landbrukskontoret vurderar alle søknader om skadefelling for seg, men er restriktiv i tildeling av fleire løyve i same område.

Raudrev har ein god bestand landet over og er også tallrike i Radøy. Det er noe skabb på øyene så man prøver å holde revebestanden lav. Rev har jakttid frå 15/07 til 15/4, og er kun fredet i yngletiden. Reven vil i disse tider ha små valper som er sårbare utan mor.

### *Fredningsprinsippet og forebyggjande tiltak*

Det er i forskrift sett nokre vilkår som må følgast. Eier, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve handsamast. Det er i dette tilfelle vanskelig å sjå tiltak som kan gjerast i år for å forebygge skade. Sauene kan flyttast til andre beite og landbrukskontoret forutset at om dette hadde vore ei løysing ville bonden gjort slike tiltak. Andre forebyggjande tiltak som ordinær jakt på rev vil være å forvente at blir gjennomført før neste beitesesong.

### *Sikkerhetsmessig og human jakt*

Forskrifta set krav til human og sikkerhetsmessig jakt, samstundes seier §1-1 : «Avlivast eit mordyr i yngletida bør avkommet av dyrevernmessige hensyn om mulig avlivast». Det settes her krav til at jeger kontrollerer dyrets kjønn og om det er eit hodyr vurderer om det er valper i hi.

Ved hijakt er det viktig at jegarane tar eigen og andres sikkerheit på alvor og har med seg erfarne jegere.

Felling av skadegjørende viltarter skal følgje dei ordiære krava til jaktutøvelse som fregår av viltloven med tilhørende forskrifter.

**Vedtak:**

Landbrukskontoret gjev Johannes Helland løyve til å ta ut ein rev på gbn 38/15, og om det er eit mordyr med kvalpar i hi skal dei avlivast. Løyvet kan brukast på nabo eigedommane om heimelshavar gjev løyve.

- Det skal avlivast skadegjerende individer og valper skal avlives om ein skyt eit mordyr.
- Grunneigar må ha gitt tillatelse til felling på deira eigedom før felling starter.

Løyve er gyldig til 24.06.18.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 26.06.18.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27 b.

Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*